



Volda kommune
Barstadmarka 2
6100 Volda

Gruppe 1

Teamleiar: Vegar Batts

Tlf. kontor 700 54035

Gruppe 2

Teamleiar: Ingeborg Håskjold Sunde

Tlf. kontor 700 54036

Tenesta for psykisk helse:

Einingsleiar: Elin Høydal Vatne

Tlf. kontor 700 54050

Resepsjon på Volda Omsorgssenter

Tlf 700 54000 mellom kl. 10.00 – 14.00

STANDARD FOR PRAKTISK BISTAND



VOLDA KOMMUNE

STANDARD FOR PRAKTISK BISTAND I HEIMEN

Praktisk bistand vert definert innanfor fylgjande område:
Husreingjering, klevask og sengetøyskift.

Kvar enkelt får ein tenestevtale individuelt tilpassa.

Tilstandar av funksjonssvikt som gjev rett til naudsynt bistand i høve til vedtekne standardar:

1. Personar som er heilt hjelpetrengande, og som er ute av stand til å utføre daglege gjeremål.
2. Personar som er heilt eller delvis hjelpetrengande til å utføre daglege gjeremål.
3. Personar som fysisk burde vere i stand til å utføre daglege gjeremål, men som ikkje klarer det.

Tilstandar som ikkje gjev rett til praktisk bistand i heimen:

1. Det vert ikkje innvilga praktisk bistand når den som skriv under søknaden ikkje er representant for søkjaren.
2. Personar som sjølv uttrykkjer ynskje om å ikkje motta hjelp og som har samtykkekompetanse.
3. Personar som har meirarbeid i form av stell og/ eller pass av born fordi den eine ektefellen er sjuk.
4. Personar som kun har behov for sosial kontakt.

Standard husreingjering vert utført berre i rom som er i dagleg bruk:

Støvsuge golv/møblar, vaske golv, riste små matter/tepper.

Sengetøyskift: Dersom brukar ikkje kan utføre det sjølv.

Støvtørking: Dersom brukar ikkje kan utføre det sjølv.

Klevask/oppvask: Dersom brukar ikkje kan utføre det sjølv.

Tilsett skal ha tilgjengeleg: God støvsugar, langt vaskeskaff, bøtter, klutar, vaskemiddel mm. elles vert ikkje arbeidet utført.

Standard for anna praktisk bistand:

Bistand til å vaske kjøleskap, komfyr og microbølgeovn inntil fire gongar i året.

Av-ising av frysar ein gong i året.

Vasking av vindauge inntil to gongar i året. Det vert avgrensa til vindauge i rom som er i dagleg bruk. Tryggleiken til personalet er avgjerande for om arbeidet vert utført, til dømes om det medfører å klatre i stige eller henge ut av vindauget.

Stryking av kle må avtalast individuelt.

Standard for tilrettelegging av måltid:

Volda kommune har tilbod om bringing av middag som har ein fast pris pr måltid.

All tinging av varm middag må søkjast på eige skjema til tildelingskontoret.

Levering av kald middag vert levert av storkjøkkenet på Omsorgssenteret to dagar i veka.

Ein bestiller sjølv på telefon nr.70054061 eller 91131359.

Tenester som fell utanfor kommunen sitt ansvar:

- Handling av matvarer/kle.
- Baking.
- Pussing av sølvtøy og messing.
- Storreingjering av tak, veggjar og boning av golv.
- Lufting og risting av store tunge tepper.
- Vask av vindauge utvendig som vil medføre risiko (t.d. bruk av stige)
- Reingjering i samband med gjestar eller vaksne heimebuande born.
- Rydde rom som ikkje er i dagleg bruk (t.d bod, loft, gjesterom)
- Bære inn ved eller snømåking.



TENESTEAVTALE

NAMN _____

FØDSELSNR _____

ADR: _____

TLF: _____

GRUPPE: _____ Teamleiar: _____

Avtalen er på _____ time annan kvar veke og gjeld frå: _____

VEDTAK OM PRAKTISK BISTAND:

Saka er vurdert i samsvar med Lov av 7.februar 1999 nr. 63 om pasient og brukerrettigheter (pbrl)

§2-1 a, 2.ledd (vilkåret for å motta naudsynte helse-og omsorgstenester frå kommuna) og Lov av 24.juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester (khol) jf § 3-2. nr 6, bokstav b.

Tenesteavtale er ein skriftleg avtale mellom tenestemottakar og kommunen. Det skal kome fram i denne avtalen kva kommunen sitt personale skal bistå med, etter at vedtak om praktisk bistand ligg føre.

Avtalen er tenkt som eit arbeidsverktøy for tilsette og vikarar, og skal gi deg informasjon om di individuelle teneste frå kommunen.

Praktisk bistand vil innebere fylgjande for deg:

Kva maktar du å gjere sjølv ved husreingjeringa:

Definèr kva rom som er i dagleg bruk:

Volda dato:

Underskrift

mottakar: _____

Underskrift Sektor helse og omsorg

teamleiar: _____

tlf. _____